



Leggjinga av ny kloakkleidning har i føremiddag nådd fram til Vertshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Korleis skal kloakkleidningane frå kvar einskild av oppsittarane koblast til dei nye leidningane? Vil det skje ute i fjorden?

Dette er to spørsmål som blir stilt ofte no om dagen, når arbeidet med leggjinga av kloakkleidningar på land har kome godt i gang.



Røra som skal til sjøs ligg klare på Børnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Prosjektleiar Ivar Kåre Døssland opplysar til uskedalen.no at det ikkje er aktuelt med påkobling ute i sjøen då det er trykkleidningar som blir ført fram der.

Det blir også ein stor jobb å kople dei kommunale leidningane som ligg på land frå før inn på det nye nettet.

Difjor blir det berre aktuelt med ny tilkopling for dei som ligg slik til at det kan gjerast på ein enkel måte, presiserar Døssland.

Arbeidet med leggjing av den nye leidningen frå Rabben og fram til pumpestasjonen ved skulen/aktivitetshuse har no nådd fram til Vertshuset og passerer snart Sandakaien.

Det er Dale Entreprenør som har denne entreprisen.

Av Ola Matti Mathisen